

Møteprotokoll

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Dato: 27.08.25.

Møtt:

Heming H. Gujord, Aidan Conti (LLE), Franz Knappik (FOF), Lukas Skiba (FOF), Birger Solheim (IF), Christian Sæle (AHKR), Kari Jegerstedt (frå kl. 13:15) (SKOK), Gry Ane Lavik (UB), Sara Sørholt (studentrepresentant) og Tord Varhaug Lie (studentrepresentant).

Frå administrasjonen:

Julie Alver Tønsaker, Ellen Vikersveen, Hanne Svanholm Misje,

Observatører:

Deirdre Smith (IF), Jacob Hoffman (AHKR) og Signe Nilssen (LLE) og Ståle Melve (FOF)

I Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjent. Heming orienterte om ekstra sak på agendaen – EVU-initiativ frå AHKR om oppretting av erfaringsbasert master i undervisning om kontroversielle tema.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 04.06.25.

Godkjent.

III Orienteringssaker:

SAK 27/25 Spurveugleprisen (munnleg orientering om fristar)

Visedekan orienterte om fristar for nominering til Spurveugleprisen 2025, som er 15.09. Det er mykje god undervisning på HF, og alle blir oppmoda til å nominere våre kollegaer som gjer ein god jobb med utvikling av eiga undervisning.

Ekstra sak: EVU-initiativ frå AHKR

Christian Sæle orienterte om nytt EVU-initiativ på AHKR. Instituttet ser at dei har kapasitet og kompetanse til å opprette eit erfaringsbasert masterprogram i undervisning om kontroversielle tema. Det blir sendt ut ei eiga sak på sirkulasjon til Studiestyret.

IV Diskusjon- og drøftingssaker

SAK 28/25 Diskusjonsrunde om semesterstart

Medlemmane i Studiestyret blei bedt om å orientere om semesterstarten ved eige institutt.

Frå fakultetet sitt synspunkt har studiestarten 2025 har gått bra. Det verkar å ha fungert bra at mentor ringer mentorbarna i veka før studiestart for å ønske dei velkommen.

Velkommen til HF, arrangement fredag i veke 33: litt lite oppmøte, bør sjå på arrangementet som heilskap til neste år. N

- AHKR: godt oppmøte på velkomstmøte, dårlegare på program møte. Studiegruppa ved instituttet vil at alle tidspunkta for program møta ligg samla på HF-nettside, slik som før.
- IF: òg godt oppmøte på velkomstmøte, same erfaring som AHKR på program møta. Masterfrukost på torsdag i veke 33 gjekk veldig fint. Måndag i veke 34: samarbeid mellom IF og AHKR, arrangerte fest for alle masterstudentar på Ad Fontes, godt oppmøte. Støttar AHKR sitt forslag om HF-side med tidspunkt for alle program møte.
- FOF: veldig godt oppmøte på velkomstmøtet, det kan godt vere på grunn av mentorane si ringerunde. Møtte studentane igjen fredagen i v. 33 til FOF sitt vanlege arrangement med studentar på alle nivå. Dette møtet kolliderte litt med Velkomen til HF.
- LLE: hadde eit godt velkomstmøte på UB. LLE er imponerte over mentorane. Ønsker seg oversikt over kor studentar skal møte til velkomstmøta måndagen i veke 33. LLE kommenterer færre førespurnadar frå studentar, kan tyde på at mentorane tar unna mykje. Ønskjer at mentorane får beskjed om at møte med studiekonsulentar i veke 33 må planleggast i litt god tid, studiekonsulentane har ei travel veke i veke 33.

SAK 29/25 Studieporteføljeprosjektet

Undervisningskoordinatorar oppdaterte ny visedekan for utdanning på status frå sitt institutt.

- AHKR har fleire forskargrupper som søkte om dei lokale insentivmidlane i Studieporteføljeprosjektet, alle er i gang med dette arbeidet. Arbeidet med fellesemne er òg i gang, instituttet har fleire fellesemne allereie og må bruke hausten til å diskutere kva emne som skal inngå i programma (og kva emne som då skal ut).
- IF har utfordringar med å finne emne som eignar seg i emnepakke, pga undervisningsspråk. Har sendt ut e-postar til alle fagkoordinatorar med framdriftsplan fram mot 15.01.26. Ønsker seg ei liste over emnepakkar som er godt i gang.
- FOF har hatt innspelsrunde med studentar om moglege emnepakkar. Deler ut forslag i møtet, foreløpig kun diskutert på FOF. Fellesemne: satsar fortsatt på FPØ som samarbeidspartnar for fellesemne.
- LLE har første UUI 8. september. Fleire er i gang med emnepakkar og fellesemne. Det finst nokre fagmiljø som ikkje er i gang med fellesemne.

SAK 30/25 Oppfølging av task force

Studiestyret står som ansvarleg for fleire av dei kortsiktige og langsiktige tiltaka som task force for auka gjennomføring har føreslått. I møtet blei Studiestyret spurt korleis best følge opp desse tiltaka.

Kommentaren i møtet var at mange av tiltaka er i forlenging av kvarandre, og kanskje det er nyttig å finne ein konstruktiv stad å begynne for så utvide arbeidet. Eit forslag er knytt til punktet om utarbeiding av gode rapportar i Tableau for å jobbe mot fråfall og for å auke gjennomføring på emnenivå. Det bør utarbeidast eitt sett med rapportar vi bruker på HF, med fokus på kva tala skal brukast til.

Studiestyret tar oppfølginga til orientering, og kjem tilbake til det.

V Vedtakssaker**SAK 31/25 Studiekvalitetsmelding for Det humanistiske fakultet 2024 og vår 2025**

Vedtak: Studiestyret tar kvalitetsmeldinga til orientering.

Bergen, 05.09.2025

Hemning Helland Gujord
visedekan

Julie Alver Tønsaker
studiesjef